



Høgskolen i Østfold

EKSAMEN

| | |
|---|--|
| Emnekode: | Emne: |
| LUNOR10210 LNOR10211 LUNOR10210FN | Norsk 102 Grammatikk, tekstteori og skriveopplæring Skriftleg eksamen GLU og årsstudiet Målform: Nynorsk |
| Dato: 06.05. 2013 | Eksamenstid: kl. 09.00 til kl. 17.00 |
| Hjelpemiddel: | Faglærarar: Tillatne hjelpemiddel er gjeldande læreplan for grunnskolen, ordbok eller ordliste og utskrift av mappe med innleverte arbeidskrav. |
| Eksamensoppgåva: | Benthe Kolberg Jansson Bjørn Kvifte Maja Michelsen |
| Sensurdato: 31.05.2013 | Oppgåvesettet består av fem sider inklusiv denne framsida. Kontroller at oppgåva er komplett før du begynner å svare på spørsmåla. Alle kandidatane må svare på både del 1 og del 2 . Kandidatar som etter søknad har fått fritak for nynorsk, skriv på bokmål. Alle skal skrive svara på pc, men den syntaktiske analysen kan vere handskriven. Hugs å lagre fila på den lokale harddisken. Den ferdige versjonen skal skrivast ut på printer i eksamenslokalet i tre eksemplar. Kandidatane skal sjølv behalde eitt av eksemplara. |
| Karakterane er tilgjengelege for studentar på studentweb seinast 2 virkedagar etter oppgitt sensurfrist. Følg instruksjonar gitt på: www.hiof.no/studentweb | |

Del 1: Grammatikk

A Syntaks

Gi ein syntaktisk analyse av desse ytringane:

1 a) Ho bar ein sekk

1 b) Den vesle jenta med dei lange flettene bar ein sekk som var svært tung

2 a) Derfor sa han det

2 b) Derfor sa læraren at han gjerne kunne bere sekken for henne viss ho var trøytt

B Fonologi, morfologi og språknormering

Svar på **tre av dei fem** spørsmåla (a, b, c, d, e):

- a) Gjer kort greie for den fonotaktiske strukturen i norske stavingar. Kvifor kan denne strukturen vere utfordrande for enkelte elevar med eit anna morsmål enn norsk?
- b) Vis at /d/, /t/ og /n/ er ulike fonem i norsk, og gjer greie for kva som er likt og kva som skil i uttalen av desse tre fonema.
- c) Vis med hjelp av trediagram den morfologiske oppbygginga av ordformene *bjørketreblad, erfaringsutveksling, russefeiringa*
- d) Den såkalla nye ordklasseinndelinga, som byggjer på Norsk referansegrammatikk, har fått to nye ordklassar, mens to av dei gamle ordklassane har forsvunne. Gjer kort greie for denne endringa.
- e) Forklar kva det ortofone og det etymologiske prinsippet inneber i norsk språknormering. Vis eksempel på at dei to prinsippa er brukt i normeringa av enkeltord.

Del 2: Skriveteori, skriveopplæring og elevtekster

Om oppgåva og krav til svaret:

Oppgåva er todelt: 1) analyse og vurdering av elevtekst og 2) eit emne som skal drøftast. Svaret skal skrivast som ein samanhengande artikkel. Både del 1 og del 2 skal vere forankra i pensumlitteratur og i LK06.

Oppgåvetekst:

Skriv ein analyse og ei vurdering av elevteksta «Kursiv» (sjå vedlegg). Drøft deretter korleis norsklæraren kan legge til rette for god skriveutvikling for alle elevane i ein klasse på ungdomsseget. Legg hovudvekta på forhold som du ut frå ei fagleg vurdering meiner er spesielt viktige.

Kontekst for elevteksta: Teksta er skrive av ein gut til «kjuletentamen» i 9. klasse utan andre hjelpemiddel enn ordliste. Guten har bokmål som hovedmål. Oppgåva elevane fekk, var: «Skriv ei novelle med ein hovedperson som opplever eit vendepunkt i livet».

Klassen hadde denne hausten lese mykje skjønnlitteratur på nynorsk, og elevane hadde arbeidd med skriving i skjønnlitterære sjangrar, spesielt noveller.

Kursiv

I friminuttet fire dagar før skuleslutt sommaren i 10. kom Lars bort til meg med ein fotball i hendene. Han plystra Mission Impossible- melodien og så like fornøgd og lur ut som han alltid gjorde. Lars var av den typen som syntes verda var ganske bra, så lenge Liverpóol scora ein gong iblant, og han hadde ei jente å sjarmere. No var han i strålehumør. Sommaren var rett rundt hynnet og Lars skulle til Hellas med moren sin berre ein veke etter at skulen hadde slutta. Karakterboka hans bekymra han like lite som børsen bekymra Lene Alexandra. Dårådgivaren spurte Lars om kva han ville bli når han blei stor, hadde Lars svart at han framleis hadde tid til å tenkje på det. Lars tok ting med ro. Eg derimot hadde jobba som ein maur fram til eksamen, og bad til gud om at det gjekk bra, sjølv om eg aldri hadde trudd noko særleg på han.

No var det storefri og eg visste like godt som Lars at det betydde einspretten. Vi samla nokon gutter og fylte hjernen med fotball den neste halvtimen. Vi var i ekstase heilt til vi brått ble satt tilbake i verkelegheita då ballen fôr opp på taket og inn av det opne vindaugelet på kontoret til norsklæraren. No måtte eg bruke to hender for å talle kor mange gonger dette hadde skjedd på til saman tre år på ungdomsskulen. Lars flira, og dei andre ropte at det var bra jobba. Stakkaren som hadde scora målet så livredd ut, og eg kunne lese i auga hans at han ikkje så dette som ein fin avslutning på ungdomsskulen. Eg tok ein rask oppteljing i hovudet mitt, og kom fram til at ein annmerkning til ikkje kunne øydeleggje. Eg nikka til stakkaren og sa eg skulle hente ballen. Han pustet lett ut og sa: "Thanks, man"

Eg tok to trappetinn av gongen opp trappa til kontoret. Då eg runda hjørnet ved sosiallæraren, skimta eg plakaten eg hadde lest til saman fem gonger. Overskrifta var knall oransje, og hylte: SKRIVESKULEN. Eg fekk ein klump i halsen då eg tenkte på at drøymeskulen min kanskje ikkje hadde ein plass til meg likevel. Forfattar var det einaste eg kunne komme på dårådgivaren spurte meg om kva eg ville bli. Eg såg i eit kort sekund livet mitt som forfattar for meg, men dagdrøyminga mi blei brått avslutta av norsklæraren sitt strenge ansikt. Han spurte meg rett ut om det var eg som hadde sparka ballen, og eg svarte at eg hadde vore med på

einspretten eg og. Han virka ikkje heilt fornøgt med svaret mitt, men eg tok ballen min og kviskra unnskyld. Han smilte litt og sa at no måtte det jo vere siste gongen, det var jo nesten siste friminuttet. Eg smilte og var på veg ut døra då han stoppa meg og sa: "ikkje skult neste norsktume. Dokker får svaret på skulesøknaden dykkar.". Han smilte oppmuntrande, og eg skulle til å spørje han korleis det hadde gått med meg, men då ringte det inn og eg blei nøydt til å gå.

Neste time hadde vi tysk. Lars og eg let preposisjonar som styrer akkusativ vere preposisjonar som styrer akkusativ, og sat oss bakarst i klasserommet. Lars snakka om biar og blomstar, men eg klarte ikkje følgje med. Ikkje eingong Oles ekstremt morsame tyskar- vitsar vekka oppmerksemda mi. Søknaden var det einaste eg tenkte på då vi sata kursen for femte time.

Vel innafor døra begynte læraren å snakke om snittet vårt og framtida og alt det der. Lars, som hadde komme inn på idrettslinja for lenge sia, så ut som om han hadde mest lyst til å leggje hovudet på pulten og ta igjen sovnen han ikkje fekk i natt då vi spelte Playstation 3 til langt over leggetid. Vanlegvis ville eg gjort det same, men no satt eg som eit tent lys. Eit augneblink trudde eg klokka hadde stoppe, og neste var eg heilt sikker på at læraren hadde sovna. Men ingen av tinga stemte, og han haldt det gåande i tre kvarter før han endeleg fikk fart på sakane og begynte å dele ut svara. Mari kom inn på Katta og hylte av glede. Anne fikk andrevalet sitt og begynte å grine. Dei andre tok det heilt greitt, og då Ole fortalte Lars at Metallica kom til Noreg neste haust, drog tankane hans på ferie. Då alle andre hadde fått svara sine begynte eg å kaldsveitte som om eg satt i ein karusell. Då læraren prikka meg på skuldaren og spurte om eg kunne bli med ut på gangen, var eg ikkje sikker på om eg ville gå i bakken eller ikkje då eg reiste meg. Det kjentes som om månen hadde detta ned og sola hadde skifta farge mens eg gjekk dei fem skritta ut på gangen. Lars ropte etter meg og undra kva galt eg hadde gjort no.

ute på gangen så læraren meg dypt inn i auga og spurte korleis eg syntes det hadde gått. Eg stotra fram at eg syntes det gjekk bra. Læraren riste på hovudet. Eg svelga. Han tok frem søknaden min og gav den til meg. Eg skalv då eg tok den imot. Eg leste svaret som om eg skulle fått betalt for det. Så såg eg opp. Eg skjønte ingenting. Læraren smilte. "Les det som står i kursiv", sa han. Og eg las. Så begynte læraren min å le. "Då eg såg kor nervös du var kunne eg ikkje helde meg! Der fikk du igjen for at du stakk av i 8. og eg måtte leite etter deg i mange timer. Sjølv sagt klarte du det!". Så lo eg med han. Eg kunne verkelig smile. "Då vi las den siste teksten din som læraren din sendte oss, var vi ikkje i tvil om at vi har ein plass til deg", stod det i kursiv.